

Radøy Sau og Geit  
v/ Kåre Hole

Taule 01.12.2018

Kjartan Nyhammer  
Landbrukskontoret i Radøy

### **Søknad om støtte til Landbruksdagen/ Kåringssjå**

Landbruksdagen blei arrangert på austrheim den 6 oktober, og var den 11 landbruksdagen i rekkja. Dei siste åra har kåringa favna om heile Nordhordaland, men i år vald Lindås og Meland å ha kåringa i Knarvik Senter. Så sjølve kåringa omhandla kommunane Austrheim og Radøy, og det blei stilt vel 100 lam .

Landbruksdagen er vorte ein tradisjon der me får vist fram landbruket i Nordhordaland ovenfor forbrukarane av produkta våre, med blant anna salg av lokalproduserte produkt. Det er også vorte den plassen mange unge får sjå og ta på dyr, og det føler me er svært viktig slik at dei unge får ein positiv opplevelse av landbruket. Me engasjerer ein del skuleklasser før/under og etter arrangementet ,slik at me på den måten kan rekrutere neste generasjon i organisasjonane.

Det kostar sjølvsagt ein del penger å avvikle landbruksdagen blant anna transport av telt, leige av telt, dommarar osv, sjølv om no det er eit mindre arrangement er det også færre som kan dela på utgiftene.

Me tillet oss om å søka på same summen som me fekk i fjor, kr 7500,-, og håper på eit snarleg og positivt svar

Mvh

Kåre Hole  
Radøy Sau Og Geit  
epost ka-hole2@online.no